

# Pressemelding om Senjamålhelg på Mefjord Brygge

**Senjamållaget** steller til eit seminar på Mefjord Brygge i helga 9. og 10. september. Seminaret startar fredag kl 1800-2000 og held fram med 2 økter på laurdagen. Innhaldet i seminaret er i første omgang å definere senjamålet i høve til dei 2 skriftnormene Nynorsk og Bokmål. Seminaret er eit ledd i eit 2-årig prosjekt med det fine namnet «Senjamålakademiet». Tiltaket, som vi samarbeider med Harstad Omland Mållag om, skal bl.a. resultere i tilbod om ein «standardisert» skrivemåte for dei som vil bruke senjamålet på ulike skriftlige arenaer.

Senjamålet har i seg kvalitetar som det ville vere ei nasjonal ulykka om vi tapte. Vi kan ikkje la det rotne på rot. Det er ei viktig oppgåve å føre vidare til dei som kjem etter oss arven etter Ottar frå Hålogaland og Tore Hund. Det var ein av dei, Øyvind Skaldespille, som i si tid fornya diktekunsten i Noreg. Det er merket til Bjarkøyætta som Troms Fylke fører i fylkesvåpenet sitt.

**Eit særtrekk ved senjamålet** er at det er så «normalt» og lite påverka av andre dialektar. Viss du skal lage ein «felles nemnar» for dei norske dialektane, så vil du hamne ganske nær senjamålet. Av same grunn er vel senjamålet den dialekten som ligg nærmast opp til nynorsk skrivemåte. Utbreiinga av senjamålet følgjer stort sett grensene for det gamle Senjen Fogderi, med fråtrekk for dølemåla i Troms innland. Historisk omtale i «Senjens Beskrivelse» ved Petter Dass i Nordlands Trompet. «... Der boe de Nordlændiske Knaber i Rad, Hvis Brændeviins Pander gjør mangel en glad, Og lærer dem færdig at snakke.

**Senjamålet er ikkje berre fjord- og bygdemåla på Senja.** Berre 15 % av dei senjamåltalande bur der. Grovt sett kan vi seie at senjamålet blir tala av rundt 50 000 menneske «mellom Malangen og Ballangen».

**Senjamållaget** har også føre seg ein stor oppgåve med å få dokumentert og definert ulike sider og særtrekk ved håløygsk språk. Førebels har vi registrert langt fleire slike «halogismar» enn dei knapt 300 som Ivar Aasen hadde frå reisene sine for 150 år sia. No skal det nye tilfanget dokumenterast, og det må førast ein kamp mot det allmektige Språkrådet for å gje dei ordboksstatus. Når det gjeld lydverket i senjamålet, så er det kartlagd som få andre dialektar, først av Ragnvald Iversen i 1905 og seinare av Helge Stangnes. Men her er framleis mykje upløgde mark, og den akademiske kunnskapen har i liten grad nådd ut til folket. Vi har heller ikkje rukke å få offentlige aktørar med som økonomiske støttespelarar, og vi har berre i liten grad formådd å knyte til oss næringsaktørar med interesse for omdømmebygging. Utfordringane er mange.

**Som krona på verket for i år smeller vi til med ein «jubileumskonsert».** På årsdagen for skipinga av Senjamållaget steller vi til ein visekveld med tekstar, artistar og melodiar av lokal proveniens. Dei som er så heldige å få plass, kan velgjere auga og øyra med visekunst frå bl.a. Mefjorden Kjerkekor, Tove Karoline Knutsen, Arvid Hanssen, Helge og Erling Stangnes, Ragnar Olsen og den kjente musikkduoen Lind/Johansen.

**Dei som vil styrke seg før konserten**, får, som ein skumtopp på krona igjen, ymse smaksprøver frå Senja Handbryggeri, deriblant eit jubelbrygg, laga spesielt for anledninga, sakkunnig servert av Bjørn Stangnes, tredjemann i den stangneske kulturtrioen. Overraskingar kan heller ikkje utelukkast. Det er også boksal og –signeringar ved Helge Stangnes og andre senjamålsforfattarar.

Kjentgjøring av tilstellinga ved annonsar og oppslag, også i media. Påmelding til seminar og konsert som omtalt i «flygeblad» (falda ark til å ta med seg), utlagt på butikkane og tilgjengelige på FB-sidene Senjamållaget og Senjamåltorget. Senjamållaget håpar på tilslutning frå alle kommunane i Midt- og Sør troms der senjamåltalande lever og trivst.

Pressekontakt: Steinar Nymo, tlf.: 991 50 306, e-post [steinarpetternymo@gmail.com](mailto:steinarpetternymo@gmail.com).

**Pressemeldinga går til:**

Norsk Tidend, NRK Troms, TV2 Tromsø, Nordlys, Troms Folkeblad, Nye Troms, Harstad Tidende

Aktørar på seminaret og konserten

Vedlegg:

«Senjamålhelga», informasjon og praktiske opplysningar

«Senjens Beskrivelse» av Petter Dass